



Arbeidsmarknadsprognose 2026

Utsikter for Vestland



Om prognosen

- Prognosen tek for seg forventa endringar i sysselsetjinga, arbeidsstyrken og arbeidsløyse i Vestland i 2026
- Baserer seg på historiske data og økonomiske indikatorar, men nokre justeringar er skjønnsbaserte

Oppsummering av hovudfunn


1. Prognosen peikar mot ein stabil utvikling på arbeidsmarknaden med om lag same tal heilt ledige som i 2025. Samstundes er den globale situasjonen prega av auka uro og konflikt, noko som skjerpar usikkerheita i våre egne anslag.
2. Den samla etterspurnaden etter arbeidskraft held seg på eit høgt nivå, og arbeidsstyrken er forventa til å veksa cirka i takt med talet på sysselsette
3. Samansett bilde innan bygg- og anleggsnæringa: renta har gått ned og aktiviteten aukar, medan mange bedrifter framleis slit med pressa marginar og høg gjeld. Sidan det tek tid før bustadinvesteringane tek seg opp, kan 2026 framleis vera eit krevjande år.
4. Vestland manglar arbeidskraft på fleire område. Å inkludere dei som i dag står utanfor arbeidsmarknaden – t.d. arbeidssøkarar frå Ukraina – blir eit viktig moment også i 2026.



Tilbakeblikk:

Utvikling i sysselsetjinga i Vestland

Endring i tal på sysselsatte i Vestland over tid




Endring i tal på sysselsette i Vestland over tid

Endring frå 2008 til 2024 i absolutte tal:




Endring frå 2008 til 2024 i prosent:



Tilbakeblikk:


Arbeidsmarknaden per desember 2025

Utvikling i tal på arbeidssøkarar i Vestland



Fordrivne frå Ukraina

- Talet på ukrainarar registrert hos Nav, innvandra i 2022 eller seinare
- I desember 2025 var **kvar tiande heilt ledig arbeidssøkar i Vestland ukrainar**
- **28%** av ukrainarane som er registrert hos Nav er i tiltak
- **39%** av ukrainarane i aldersgruppe 20-66 år er i jobb




Tilbod og etterspurnad av arbeidskraft


- Overordna ser vi at utviklinga på arbeidsmarknaden har vore stabil, og at Vestland hadde både lågare arbeidsløyse og høgare etterspurnad etter arbeidskraft enn landet samla i 2025
- Etterspurnaden etter arbeidskraft er framleis høg, og det vart lyst ut fleire ledige stillingar i 2025 enn i 2024
- Etter ein auke i arbeidsløysa i bygg- og anleggsnæringa i 2023 ser vi no at den registrerte arbeidsløysa er på veg ned, og at talet på stillingar har auka signifikant samanlikna med fjoråret
- Samstundes ser vi framleis konkursar blant større verksemdar i næringa i fylket, men dei som blir ledige, får raskt ny jobb hos andre arbeidsgivarar
- Utanlandske arbeidstakarar forlèt ofte landet når dei mister jobben, slik at dei ikkje blir fanga opp av statistikken. Utflytting av fagkompetanse bidreg til ein aukande mangel – ei utfordring som kan bli større når etterspurnaden stig
- Tal på stillingar per heilt ledig arbeidssøkjjar gir en indikasjon på balansen mellom etterspurnad og tilbud på arbeidsmarknaden. Denne balansen refererer man ofte til som *stramheit*
- I Sunnhordland, Nordhordland og Bergen er stramheita aukande, medan den gjekk ned i Sogn og Sunnfjord
- Offentlege aktørar lyser som regel ut heile rekrutteringsbehovet sitt, medan private verksemdar i mindre grad gjer det same. Dette påverkar den berekna stramheita og kan føre til at offentlege næringar framstår med noko høgare stramheit enn privatdominerte. Samstundes endrar dette ikkje hovudkonklusjonen.




Tal på ledige stillingar per heilt ledig – region (2025)



Tal på ledige stillingar per heilt ledig – næring (2025)



Topp 10 yrke med strammast arbeidsmarknad i 2025



Økonomiske utsikter og bedrifters forventninger

Økonomiske utsikter



Finans- og pengepolitikk

Inflasjonen har gått ned, og Noregs Bank kutta renta med 0,5 prosentpoeng i 2025. Samstundes ligg inflasjonen framleis over målet på 2%, mens våre europeiske naboar no ligg tett opp mot dette målet. Dette skapar ein rentedifferanse mot utlandet. Sjølv om Noregs Bank har signalisert rentekutt i 2026 også, er det ei viss uvisse rundt renteutviklinga framover. Regjeringa har introdusert Noregspris på straum og planlegg å auke dei offentlege investeringane i Forsvaret kraftig. SSB og Noregs Bank ventar ein lønnsvekst på om lag 4% i 2026.



Kronekurs

Kronekursen er venta å halde seg på om lag dagens nivå dei næraste åra. Ei svak krone styrkjer konkurransekrafta til norske eksportbedrifter, og bidreg dermed til høg etterspurnad etter norske varer. Samstundes gjer den svake krona at importerte varer og materialar framleis er dyre for bedrifter som er avhengige av slike innkjøp. Den svake kronekursen gjer òg at det er blitt vanskelegare for norske bedrifter å tiltrekke seg utanlandsk arbeidskraft. For hushald betyr ei svak krone at utanlandsferien framleis blir dyr.



Internasjonale forhold

Det er venta at den internasjonale økonomiske veksten vil ta seg noko opp i 2026. Særleg i euroområdet har fleire av handelspartnarane våre opplevd stagnasjon dei siste åra. Tyskland har t.d. hatt negativ vekst i både 2023 og 2024, og stagnasjon gjennom 2025. I 2026 er veksten venta å kome opp på om lag 1,2% igjen. Generelt bidreg auka proteksjonisme og tollsatsar til å dempe veksten i internasjonal handel. No er det i større grad teknologisk framsteg som driv den globale veksten vidare.

Kva ventar verksemdene nasjonalt?



[Medlemsundersøking](#) per desember 2025

1. Byggjenæringa er næringa som er desidert mest negativ når det gjeld marknadsutsiktene dei neste seks månadene.
2. Vestland er blant fylka der det er fleire verksemdar som meiner marknadssituasjonen er god enn verksemdar som meiner marknadssituasjonen er dårleg.
3. Alle fylka ventar ei forverring av marknadssituasjonen dei neste seks månadene, men Vestland er blant fylka som ventar den minste forverringa.




Norges Bank

[Pengepolitisk rapport](#) per desember 2025

1. Nettverksbedriftene ventar samla sett at den moderate oppgangen i aktiviteten held fram over vinteren
2. Verksemdene i bygg- og anleggsnæringa i det regionale nettverket ventar lågare aktivitet dei neste kvartalane. Det er mindre optimisme enn det var i september, men det er også verksemdar med planar om å setje i gong nye prosjekt.
3. Verksemdene i Noregs Banks regionale nettverk melder om at det har vore lettare å få tak i arbeidskraft den siste tida

Vestlandsindeks (Sparebanken Norge)

- Sparebanken Norge gjennomfører kvartalsvis bedriftsundersøking i samarbeid med Respons Analyse
- 200 respondentar i Hordaland, 100 respondentar frå Sogn og Fjordane
- Bedriftene blir spurde om etterspurnad, sysselsetjing, investering og marknadsutsikter dei tre siste månadene og kva utvikling dei forventar dei neste seks månadene
- Vestlandsindeksen for fjerde kvartal 2025 viser ein resultatindeks på **62.2** og ein forventningsindeks på **63.2**
- Aktiviteten nasjonalt ser ut til å falla noko, og Vestland er den einaste regionen som rapporterer positiv resultatutvikling i 4. kvartal
- Den største oppgangen i resultata finn vi i næringane forretningsmessig, fagleg og teknisk tenesteyting, IKT, bygg og anlegg, eigedom og finans samt shipping og transport
- Næringane bygg og anlegg, eigedom og finans samt overnatting og servering ventar oppgang framover (forventningsindeks)



Kilde: Sparebanken Norge - [Næringsindeksen](#)

Utvikling i bygg- og anleggsnæringa

Vanskelege år for bygg og anlegg

- Byggenæringa møtte på utfordringar i kjølvatnet av at styringsrenta vart sett opp mykje på kort tid i 2022
- Mindre aktivitet, auka arbeidsløyse og fleire konkursar, men samtidig mangel på fagkompetanse, da der er mindre tilstrøyming frå utlandet. I Vestland har talet på nykomne arbeidsinnvandrarak gått markant ned sidan 2015, også blant handverkarar. Dette skaper ein mangel som vil merkast endå sterkare når byggeaktiviteten tek seg opp igjen.
- SSB ventar låg byggeaktivitet også i 2026, før aktiviteten tek seg opp igjen i 2027. Norges Bank meiner derimot at oppgangen vil bli merkbar allereie i 2026. Situasjonen slår ulikt ut for bedriftene – nokre rekrutterer jamt, mens andre melder konkurs.


Kilde: SSB – [Produksjonsindeks for bygge- og anleggsverksemd](#)





Utviklinga i Noreg og eurosonen

- Mens byggeaktiviteten i eurosona har halde seg nokolunde stabilt sidan 2022, har produksjonsindeksen for Noreg fall til under 100 (2021-nivå svarer til ein score av 100)
- Inflasjonen kom kjappare ned i eurosona enn i Noreg, og styringsrenta sett av ECB ligg i dag på 2% i motsetning til 4% i Noreg
- Vedvarande høg rente gjer det vanskeleg å betena gjeld, og vedvarande svak krone gjer byggjemateriale som må importerast dyre. Det aukar presset på allereie pressa marginar
- Svak lønnsutvikling i næringa i kombinasjon med den svake valutaen gjer det mindre attraktivt for utanlandske arbeidstakarar å immigrera

Kilde: SSB – [Produksjonsindeks for bygge- og anleggsverksemd](#)




Konkursstatistikk for bygg- og anleggsnæringa




Prognose for arbeidsmarknaden 2026

Prognose for 2026 i Vestland – tal og del heilt ledige




Prognosen for 2026 fordelt på regionar – heilt ledige




Utviklinga i arbeidsstyrken i Vestland

- **Arbeidsstyrke = sysselsette + arbeidssøkarar**
- Nedgang i kjølvatnet av oljeprisfallet i 2014 og under pandemien i 2020
- Arbeidsstyrken er forventet å veksa framover
- Det blir anslått at arbeidsstyrken kjem til å veksa i takt med talet på sysselsette, noko som gir ein stabil del ledige




Utvikling i tal på sysselsette i Vestland




Næringsgruppene med gode utsikter i Vestland 2025-2027



86-88 Helse- og sosialtjenester



68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift



Næringsgruppene med blanda utsikter i Vestland 2025-2027

